

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

2016/EØS/21/01

nr. 1/2015

av 25. februar 2015

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2014/187/EU av 3. april 2014 om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2014/441/EU av 7. juli 2014 om endring av vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at medlemsstaten Estland er offisielt fri for enzootisk bovin leukose⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2009/821/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32014 D 0187**: Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2014/187/EU av 3. april 2014 (EUT L 102 av 5.4.2014, s. 13).”
2. I del 4.2 nr. 70 (kommisjonsvedtak 2003/467/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32014 D 0441**: Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2014/441/EU av 7. juli 2014 (EUT L 200 av 9.7.2014, s. 19).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd 2014/187/EU og 2014/441/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 102 av 5.4.2014, s. 13.

⁽²⁾ TEU L 200 av 9.7.2014, s. 19.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 26. februar 2015, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 25. februar 2015.

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslige krav angitt.